



Sund Sokneblad

Nr. 2

7. juni 2023

Årg. 92

Konfirmasjon i Kausland kyrkje



Søndag 14. mai vart den siste av i alt 5 konfirmasjonsgudstenester i Sund sokn halden. Det skjedde i Kausland kyrkje der tre gutar og fire jenter vart konfirmerte. Dagen før, på laurdagen, var det to konfirmasjonar i Kausland kyrkje. I Sund kyrkje vart to konfirmasjonsgudstenester avvikla søndag 7. mai.

side 4-7

17. mai

På nasjonaldagen 17. mai var det gudstenester både i Kausland kyrkje og i Sund kyrkje. Vi har bilete frå Kausland kyrkje der ordførar Tom Georg Indrevik etter gudsteneesta la ned krans ved minnestøtta over falne i 2. verdskrigen.

side 3

Myldredag

Myldredagane er ein aktivitet som føregår både på Kausland og i Klokkarvik. 2. mai var det felles avslutning i Klokkarvik med middag, andakt og leikar.

side 8

Vårmarknad

Den tradisjonelle vårmarknaden i Kausland kyrkjelydshus vart i år gjennomført laurdag 22. april. Som så ofte før hadde mange sundsokningar funne vegen til lokalet der dei kunne besøkja kaféen, kjøpa noko, og ikkje minst kjøpa årar i to omgangar.

side 10

Siste nummer av Sund Sokneblad

Dette er det siste nummeret av Sund Sokneblad. Frå hausten av kjem det eit nytt kyrkjeblad som skal dekkja alle sokna i Øygarden kommune. Sjølv har eg vore med i soknebladet sidan 1992 og redigert bladet frå 1998. Men no er det tid for å takka for meg i denne rolla.

Olai Otterå

Pastoralt perspektiv

Teia og tala

Mennesket har to øyre og ein munn.

Ein vis mann har sagt at to øyre og ein munn er Vårherre sin måte å fortelja oss at me skal høyra dobbelt så lenge som me talar! Diverre kan det innimellom verta motsett, og då vert det lett at det vert tala til døve øyre. Etter ei viss mengde med ord lukkar vanlegvis øyret seg.

På gudstenestene i Sund sokn har det i kunngjeringane den siste tida vorte opplyst om at under-teikna er tilgjengeleg for samtale. Og det er eg! Dei som kjem vil oppdaga om eg har lært lekse om to øyre og ein munn eller ikkje.

Konfirmantane får høyra det frå presten kvart år: Uansett kor du buset deg i Noreg er det tilsett ein prest i Den norske kyrkja. Ho eller han er tilgjengeleg for samtale. Og det er gratis! Det vert understreka at presten har teieplikt, den gjeld heilt til det er tale om å redda liv eller at barn lir.

Mange har sett skriftestolane i katolske kyrkjerom. Om me ikkje har det i våre lutherske kyrkjer i Sund sokn i Den norske kyrkja, er me svært for saka, det å vedkjenna synd for eit anna menneske, som så, på vegne av Den treeininge Gud tilseier forlating for syndene. Det gjer godt å setja ord på det som har gått gale. Og det gjer godt å få høyra dei livgjevande orda om tilgjeving!

I sitatet til filosofen Kierkegaard om hjelpekunst-en står det om å finna den andre der den andre er, ikkje der ein skulle ynskja at den andre var, og starta der. Det er ei utfordring for oss alle, å vera der me er og ikkje der me kunne ha vore.

På eit postkort las eg eingong dette: Lukka er å vita kva du ynskjer deg og vera fornøgd med det du har! Så lett! Så vanskeleg!

Gudstenestene er der. Heile tida. Om det ikkje i sommar er gudsteneste i Sund sokn kvar søndag, er det ikkje langt til gamle Fjell sokn og gudstenestene der.

God sommar!

Lars Arne Vik

Nettadresser

Nettadressa til **Øygarden Kyrkjelege Fellesråd:**
kyrkja.no/oygarden

Vil du gå direkte inn på **Sund sokn**, er adressa:
kyrkja.no/sund

Velkommen til gudsteneste

11. juni – 2. søndag i treeiningstida – Matt 3,11-12

TYSSØY kl. 11.00 • Friluftsgudsteneste på Tyssøy v/Lars Arne Vik. Dåp. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.
Sund Blandakor og Sund Brass blir med.

18. juni – 3. søndag i treeiningstida – Luk 14,15-24

VETEN kl. 11.00 • Utegudsteneste på Veten v/Lars Arne Vik. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

25. juni – 4. søndag i treeiningstida – Mark 10,17-27

SUND kyrkje kl. 11.00 • Gudsteneste v/Bjarte Nese. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

02. juli – 5. søndag i treeiningstida – Matt 7,15-20

Inga gudsteneste i Sund sokn

09. juli – Aposteldagen – Luk 5,1-11

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 • Gudsteneste v/Jan Tommy Fosse. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

16. juli – 7. søndag i treeiningstida – Luk 15,1-10

SUND kyrkje kl. 11.00 • Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

23. juli – 8. søndag i treeiningstida – Matt 6,19-24

Inga gudsteneste i Sund sokn

30. juli – 9. søndag i treeiningstida – Matt 11,28-30

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 • Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

06. august – 10. søndag i treeiningstida – Luk 5,27-32

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 • Gudsteneste v/Erik Martinus Kvamme Fjeldstad. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

13. august – 11. søndag i treeiningstida – Matt 23,37-39

SUND kyrkje kl. 11.00 • Gudsteneste v/Lars Arne Vik og Katrin Fischer. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Misjonsalliansen
Etter gudstenesta vert det grilling ute, sporlaup m.m. Ved dårleg vær vert arrangementet innandørs.

20. august – 12. søndag i treeiningstida – Matt 6,24-34

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 • Ranselgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Katrin Fischer. Dåp. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
Det vert utdeling av bok til dei nye førsteklasingane.

27. august – 13. søndag i treeiningstida – Matt 25,14-30

SUND kyrkje kl. 11.00 • Ranselgudsteneste v/Lars Arne Vik og Katrin Fischer. Dåp. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
Det vert utdeling av bok til dei nye førsteklasingane.

03. sept. – Vingardsøndag – Matt 20,1-16

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 • Gudsteneste v/Lars Arne Vik. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
Femtiårskonfirmantane er inviterte til denne gudstenesta. Etter gudstenesta vert det servert kvit dame i kyrkjelydshuset.

10. sept. – 15. søndag i treeiningstida – Matt 5,38-48

SUND kyrkje kl. 11.00 • Gudsteneste v/Lars Arne Vik. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
Femtiårskonfirmantane er inviterte til denne gudstenesta. Etter gudstenesta vert det servert kvit dame i kyrkjelydssalen.

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er høve til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt



Sokneprest Lars Arne Vik stilte i bunad på nasjonaldagen. (Foto: Fredrik Mortensen)

17. mai i og utanfor Kausland kyrkje

17. mai var det gudstenester i både Kausland og Klok-karvik. Her er bilete frå gudstjenesta i Kausland kyrkje, kor vår sokneprest, Lars Arne Vik, heldt ei fin tale. I etterkant av gudstjenesta la ordførar Tom Georg Indrevik ned ein krans ved minnesmerket over våre falne i 2. verds-krig, etterfulgt av 1 minutt stillheit.

Bente Aase



Ordførar Tom Georg Indrevik la ned ein krans over falne i 2. verdskrigen. (Foto: Fredrik Mortensen)

Konfirmasjon i Kausland kyrkje (søndag)



Prosesjon inn i kyrkja med dei sju konfirmantane.



Solveig Børnes spelte og song.

Søndag 14. mai vart den siste av tre konfirmantgudstenester i Kausland kyrkje gjennomført, og dei sju siste konfirmantane i årets konfirmantkull fekk gå i prosesjon inn i kyrkja. Der plasserte dei seg ved sida av familiane sine, gutane på den eine sida og jentene på den andre sida. Mot slutten av gudstenesta kom konfirmantane fram til altarringen, jentene var to og to og gutane alle tre samstundes. Ved altarringen vart dei bedne for av soknepresten som hadde med seg kyrkjelydspedagogen.

Undervegs i gudstenesta var det song av Solveig Børnes. Ho akkompangerte seg sjølv på flygel.

På laurdagen var det to konfirmantgudstenester i Kausland kyrkje, og søndagen før var det to tilsvarende gudstenester for konfirmantane som sokna til Sund kyrkje.

Olai Otterå



To av jentene kneler ved altaret og blir bedt for.



Gaute Søvik Glesnes, Krister Eriksen Kallestad, Sondre Kårtveit Kalve, Annabel Freya Brown, Maja Erichsen Solheim, Julianna Trellevik og Anabelle Steinsland Whitfield. (Foto: Alistair Brown)

Konfirmantar i Kausland kyrkje (laurdag)

KAUSLAND KYRKJE Laurdag 13. mai kl. 11.00

Benjamin Eriksen
Cerine Kausland Flatabø
Aurora Sylte Glesnes
Chrisander Emil Johnsen
Glesnes
Helene Glesnes
Andreas Haugsdal
Julie Kalvik Harkestad
Aksel Kalgraff Håkonsund
Filip August Breivik
Kvilhaug
William Nekkøy
Aron Arnt Vatne
Elias Vorland



FOTO: PRIVAT



KAUSLAND KYRKJE Laurdag 13. mai kl. 13.00

Emma Bertine Buttedal
Eirik Lind Eide
Adrian Ellingsen
Michelle Aspevik Heggøy
Emma Mæland
Teodor Berentsen Pedersen
Kamilla Jeanette Holvik
Refvik
Tobias Sande
Johanne Vorland Skoge
Emma-Hermine Vetås
Steinsland
Teo-August Gjertsen
Steinsland

FOTO: KATRIN SANDE

Konfirmantane i Sund kyrkje



SUND KYRKJE

Søndag 7. mai

kl. 11.00

Markus Hustvedt Apeland
 Ingeborg Børnes Dávøy
 Betina Eide
 Ina Emilie Dyngeland Eide
 Lukas Eikeseth
 Tyr Ellertsen
 Tore Nesse Forland
 Sander Tofterå Glesnes
 Ariana Jakobsen-Røsnes
 Tonje Johannesen
 Sindre Forland Kleppe
 Linnea Haukås-Hamre
 Olav Drange Revheim
 Laura Johanne Sangolt
 Celine Soltvedt
 Sofie Rabben Steinsland

FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT

SUND KYRKJE

Søndag 7. mai

kl. 13.00

Lana Crystabelle
 Armstrong
 Angelica Berge-Finnesand
 Ulrik Hammersland
 Kleppevik
 Malin Marie Singdahlsen
 Zander Steen
 Tuva Emilie Steen-Sangolt
 Ludvik Stikholmen
 Ida Sæle
 Solveig Ulvøen
 Ayleen Westgård



FOTO: FOTOGRAF LØTVEDT

Myldreavslutning

Tysdag 2. mai var det sesongavslutning på Myldredagane. Gruppene i Kausland og Klokkarvik møttest i Kyrkjekjellaren til middag, andakt og leik.

Middagen bestod av Hot Dog, og dei var det god avsetnad på, både av borna og dei vaksne som var med eller var leiarar.

Etter maten møttest alle oppe i kyrkja der sokneprest Lars Arne Vik heldt ein andakt der han fortalde om læresveinane som fekk mykje fisk på Jesu oppmoding. For å illustrera dette hadde han vore i naustet og funne fram ein hâv, eit par ârar og ein liten glip.

Etterpå var det leik rundt kyrkja. 50 papptallerkar var hengt opp på ulike stader rundt kyrkja, og på kvar tallerk var det ei oppgåve som laga måtte kome tilbake til sakristiet og visa fram. For der sat tre domarar som skulle godkjenne oppgåva før ein kunne leita etter ei ny oppgåve.

Det såg ut som at både borna og dei vaksne hadde det kjekt på denne siste Myldredagen denne våren.

Olai Otterå Det var god avsetnad på pølsene.



Middagen vart eten ved langborda.



Presten hadde vore i naustet og henta litt fangstutstyr til andakten.



Her er det Lars Arne Vik og Jostein Naustheller som viser fram løysinga på ei av oppgåvene i leiken for domarane.

Misjonsskipet Elieser



Misjonsskipet Elieser i Stavanger, truleg kort tid før første avreise.

Barken «Elieser» vart bygd på Bradbenken i Bergen i 1864 og vart bygd som eit misjonsskip som skulle frakta misjonærar til Madagaskar. Det fortalde Alvild Vassel Eide då ho besøkte Føremiddagstreffet i mars.

Det var Lovise Olsen som fekk ideen. Misjon i andre land sende misjonærar med egne skip. «Tenk om vi kunne byggja eit slikt skip», tenkte ho i 1861. Dermed starta ho arbeidet med å samla inn pengar til eit slikt skip. Arbeidet føregjekk gjennom ei kvinneforeining som ho hadde starta alt i 1854. Dei hadde møte to gonger i veka, og i løpet av tre år samla dei inn pengar tilsvarende 2-3

TV-innsamlingar.

Same året som Lovise Olsen fekk ideen, i 1861, gjorde generalforsamlinga i NMS vedtak om å støtta arbeidet, og i 1862 vart det gjort avtale med Bradbenken om bygging av skipet. To år seinare kunne det sjøsetjast.

«Elieser» fekk namnet sitt frå Bibelen. Skipet blei ikkje forsikra, for det «var forsikra av Gud». I februar i 1865 gjekk første turen til Madagaskar, og i 20 år gjekk skipet i skytteltrafikk til det vart seld i 1884. Til saman gjorde det 12 turar til Madagaskar på desse åra.

Olai Otterå

Slitesterke salmar

Då Lars Arne Vik var gjest på Føremiddagstreffet i april, tok han føre seg slitesterke salmar. Sjølv spelte han piano til songane. Ein av dei song han sjølv: «Langt bortom rømda», medan resten var allsong.

Ein av songane var «Alltid freidig», ein song som er mykje brukt i gravferder. Ein song på latin fekk vi òg: «Ubi caritas et amor» om barmhjertighet og kjærleik.

«Stor er din trofasthet» var ein annan song han trekte fram. Så blei det òg ein song på engelsk: «All to Jesus I Surrender».

«Noen må våke» er den einaste songen av Svein Ellingsen som ikkje inneheld 'eg' eller 'jeg'. Strofa datt ned i han då han var ute og gjekk i byen ein kveld.

Den siste songen var «Du er mi øy i havet». Denne vart ikkje sunge, men lesen: Ei linje av presten og neste linje av forsamlinga.

Var det så ein raud tråd i valet av songar? Det viste seg at songane han trekte fram denne dagen hadde forbokstavar som gav ordet KAUSLAND.

Olai Otterå



Lars Arne Vik spelte til songane han presenterte.

Salmekveld med salmar av Lina Sandell



Hanne Katrine Boga og Sølvi Sangolt song Lina Sandell-salmar. Som musikk til var det både klarinett og fiolin i tillegg til flygel.

Torsdag 30. mars var det mange fine Lina Sandell-salmar å høyra for dei som hadde teke turen til Sund kyrkje. Då var det konsert der Hanne Katrine Boga og Sølvi Sangolt song, dels kvar for seg og dels saman. Musikk var det òg på fiolin, klarinett og flygel.

«Blott en dag» er ein av dei kjende Lina Sandell-salmane som vi fekk høyra tidleg i konserten, men etter kvart kom andre på rekke og rad.

Kjell-Asle Børnes batt det heile saman ved å fortelja om livet til Lina Sandell, eller Carolina Vilhelmina Sandell, som ho eigentleg heitte. Ho var mykje sjuk som barn og

fekk då høyra både faren og andre vaksne som kom på besøk, fortelja.

25 år gammal var ho augnevitne til at faren drukna, og to år seinare døydde mora. Barnet hennar døydde òg, og på slutten gjekk mannen hennar konkurs. Så ho opplevde mykje vanskeleg i livet sitt, men ho fann heile tida trøyst i Gud sine løfter.

Lina Sandell var svært produktiv og skreiv rundt 1700 dikt og tekstar. Mange av desse er det sett tone til, og ein del fekk vi høyra på denne konserten.

Olai Otterå

Vårmarknad i Kausland kyrkjelydshus



Mange fine gevinstar var hengde opp eller plasserte på bord langs den eine veggen.

Den tradisjonelle Vårmarknaden i Kausland kyrkjelydshus vart arrangert laurdag 22. april. Også i år var det mange som hadde møtt fram. Kafé var laga til også denne gongen, og her var det både graut og mange gode kaker å forsyne seg med. Og mange var det som besøkte kaféen i løpet av tilstellinga.

Men det handla sjølvsagt ikkje berre om mat. To åresal var viktig for å få inn pengar, og i tillegg var det selt mange loddbøker som vart trekte til slutt. Dei ulike inntektskildene gav til saman ein sum på omlag 75.000 kroner. For pengane vil ein kjøpa inn nye gardiner til kyrkjelydshuset og diverse spel som kan nyttast når det t.d. er Myldredag der.

Undervegs i Vårmarknaden var det òg andre innslag. Sokneprest Lars Arne Vik hadde ein andakt, og Ole Christian Ottestad spelte nokre melodiar på saksofon med Irina Tarasova ved pianoet. Vi må òg nemna at det blei selt ein del kakebunnar, bollar og liknande ved eitt av borda, og det var høve til å prøva seg på tombola.

Olai Otterå



I to omgongar vart det selt årar ved borda.



Mange var samla i Kausland kyrkjelydshus under Vårmarknaden. Ein jamn straum var innom kaféen i bakgrunnen.

Kyrkjevalet 2023

Det er kyrkjeval 11. september 2023. Medlemmer i Den norske kyrkja kan stemme ved kyrkjevalet frå det året dei fyller 15 år. Når du brukar stemma di, er du med på å forme kyrkja for framtida.

Slik stemmer du fysisk og digitalt

I kyrkjevalet kan du førehandsstemme digitalt eller fysisk, eller du kan stemme fysisk på valdagen/valdagane.

Du kan førehandsstemme digitalt frå 10. august ved å gå inn på kyrkjevalet.no

Du kan møte opp fysisk for å førehandsstemme i Øygarden på kyrkjekontoret på Straume (Temahuset - Tytebærbrekko 2, 5353 Straume) torsdagane 10., 17. og 24. august og 7. september kl. 09.30-14.30. Torsdag 31. august kan du førehandsstemme kl. 09.30-20.00.

Det blir òg sett opp førehandstemming på gudstenester i kyrkjene og ambulerande røysting tysdag til fredag siste veka før valet. Meir info om dette kjem på kyrkja.no/oygarden/kyrkjevalet

Det vert gitt ein nærare presentasjon av kandidatane til soknerådsvalet i første nummer av det nye kyrkjebladet.

Informasjon om val til bispedømmerrådet kjem også i neste nummer, som kjem ut rett før kyrkjevalet.



Digital førehandsstemming

Du kan førehandsstemme når og kvar du vil på nett frå 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden eller besøk kyrkjevalet.no. Hugs at det er hemmeleg val!

Nominasjonskomiteen sitt listeforslag til kyrkjevalet i 2023

Kandidatane i prioritert rekkefølge:

Sund sokn

1. Fredrik Andreas Mortensen, f. 1968, Glesvær
2. Anne Grete Hareide, f. 1952, Skogsvåg
3. Arne Bakke, f. 1958, Glesvær
4. Øygunn Skodvin Prestegård, f. 1979, Klokkarvik
5. Oddbjørg Norunn Heimark, f. 1959, Steinsland
6. Karen Helen Boga, f. 1946, Steinsland
7. Jan Tveit, f. 1954, Klokkarvik
8. Olaug Glesnes, f. 1950, Steinsland
9. Minda Valborg Olsen, f. 1934, Telavåg
10. Wenche Selstø, f. 1950, Skogsvåg
11. Berit Marie Nygård, f. 1953, Klokkarvik

Sirup og sukker

Eit kjært barndomsminne er kaffistundene på kjøkkenet hjå besteforeldra mine i slåttonna. Småbruket var ikkje stort, men graset måtte verta slått, i slåttonna og i håslåtten, om det skulle verta fôr til beista, som oksane vart kalla, gjennom vinteren.

Eg kan enno kjenna lukta og smaken av sirup og sukker på lyst brød frå sommarmettermiddagen på det vestvendte kjøkkenet hjå bestemor og bestefar. Etter eit slikt måltid var det ikkje vanskeleg å halda ut med å raka gras nokre timar til!

«En sommer uten make» syng me om i salmen «Så grønn en drakt, så rik

en duft». Denne svenske sommarsalmen i Norsk salmebok har mange vorte glade i. Og blandakor har den ofte som fast innslag på vår- og sommarkonsertane sine. Når Vårherre skal skapa ein ny himmel og ei ny jord, vert det som ein uforlikneleg sommar. Sjølv om sommarmånadane på Vestlandet kan vera både kalde og sure, veit me kva ein god, gamaldags, varm og solfylt sommardag er for noko.

I 2023 vert me minna om det sure og kalde. Krigen, som knapt har vore i vår verdsdel etter andre verdskrigen, når no i land berre to land

frå vårt land. Me forstår at vondskapen er i vår verd, rundt oss. Krigen er her! Og me forstår at det vonde er i oss, me ikkje klarar å ta den andre sitt perspektiv, som samfunn og som

enkeltpersoner.

Ein dag skal

Herren skapa ein sommar utan make, for å nytta orda frå Sverige. Då er det ende på vondskapen, dei brunsviddene slettene vert forvandla til grøne enger.

Han let meg liggja i grøne enger, står det i Salme 23 i Bibelen. Når du kan liggja i graset er det mykje gras, meir enn nok til fôr til dyra, så mykje at om du ligg der, gjer det ingenting.

Salme 23 handlar om den store hyrdingen. Det er Herre som er min hyrding, og eg manglar ingenting.

Dette ynskjer me å formidla i Sund sokn i Den norske kyrkja. Me vil at dei som kjem til Kausland kyrkje og Sund kyrkje kan ana det rause og overfloden i vår verdsvide kristne kyrkje.

Når meisteren sjølv, Jesus Kristus, er til stade, då vert vatn til vin, då vert alt nytt, då bugnar borda av feite mergfulle rettar og gamal, klåra vin – og sirup og sukker.

Lars Arne Vik
sokneprest

Andakten



**SOLSTRANDS
BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Grønmyrvegen 22, 5353 Straume
(Bjørøygården)



Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Kva brenn du for?

Har du lyst å bidra med noko i kyrkjelyden vår? Vil du delta i noko, men veit ikkje korleis? Vil du vere med på noko som ikkje finst enno?

Ønskjer du å vere saman med andre?

Om du er liten eller stor, ung eller eldre, ...

Du er velkomen som du er i kyrkja vår

Har du ein idé, har du eit forslag, vil du vite meir, eller vil du bli aktiv, ta kontakt med: Diakon **Hildegunn**: 45516360

Kyrkjemusikar og barne- og ungdomsarbeidar **Irina**: 47450606

Kyrkjelydspedagog **Katrin**: 40304255

Bli fast gjevar!

I førre utgåve av Sund Sokneblad vart det starta ein kampanje for å få fleire til å bli faste gjevarar i Sund sokn. Om du ikkje har bestemt deg enno, er det ikkje for seint å melda deg som fast gjevar slik at barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden ikkje berre kan halda fram, men også forsterkast. Som du sikkert veit har ein kome i gong med babysong, og i fleire år har det vore arbeid med kor for dei minste borna og for dei litt større borna (Stjerneketret og Betweenketret). Myldredagane er òg eit kjent innslag i arbeidet.

Meld deg på som fast gjevar ved å gå inn på nettstaden kyrkja.no/sund og klikk deg inn på *Gjevarteneste i Sund sokn*, eller du kan skanne QR-koden under med mobilen din.



DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



KIWI mini pris

Tlf. 56 33 74 93

SUND SOLSTUDIO



KLEPSVIK
& SØNN

Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 90 13

APOTEK 1

Tlf. 56 32 50 45



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: BLOMSTER - DAGLEGVARER - JERN- OG FARGEHANDEL
FRISØR - APOTEK - MINIBANK - SOLSTUDIO

Føremiddags- treffa

Til hausten held Føremiddagstreffa fram den siste onsdagen i månaden. Som vanleg vekslar treffa mellom *Kyrkjekjellaren i Klokkarvik* og *Kyrkjelydshuset på Kausland*, og dei tek kvar gong til kl. 11.30. Til kvart treff blir det med ein gjest som snakkar om eit emne. Men før vedkomande slepp til vert det ein felles lunsj.

Følg elles med på kunngjeringar og i VestNytt, eller på kyrkja i Øygarden si heimeside under «Skjer i kyrkja».

30.08 – Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Jan Tommy Fosse
Tema: Ikkje bestemt

27.09 – Kyrkjelydshuset kl. 11.30

Gjest: Ingvald Kårbø
Tema: Ikkje bestemt

25.10 – Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Sverre Bungum
Tema: Prost Greve

29.11 – Kyrkjelydshuset kl. 11.30

Gjest og tema ikkje avklåra

Alle er velkomne!

STOR TAKK TIL OLAI OTTERÅ!

Siste sokneblad for Sund sokn

Når du les dette så held du det siste soknebladet for Sund sokn i hendene. Vi kan like det eller mislike det, men avgjerla er teken. Neste gong du får sokneblad, so er det eit sokneblad som favner alle 5 sokna i Øygarden kommune.

No veit ikkje eg kor mange år Sund sokneblad er blitt utgjeven, men det eg veit det er at OLAI OTTERÅ har stått for alt arbeid med soknebladet i over 30 år. Olai har vore på arrangementa, og referert med både bilder og omtale, til stor glede for sundsokningen. All tida som har gått med har han spandert på soknet vårt - for at DU OG EG skulle få vite kva som skjer i soknet vårt i kyrkjeleg regi. Ja, eg skriv spandert, for Olai har gjort dette på si fritid utan ei krone i løn. Det står det stor respekt av!

På vegne av Sund sokneråd vil eg takke deg stort, Olai, for 30 års fantastisk jobb med soknebladet. Ord kan ikkje beskrive takknemligheten vi har for at du har utført dette arbeidet for oss. Det har vore ei stor glede å få og lese soknebladet! Vi er deg stor TAKK skyldig!

Når det er sagt, so er vi so heldig at Olai har sagt JA til å vere Sund sokn sin representant inn i det nye felles soknebladet.

Eg har sagt fleire gonger at ingen kan gjere alt, men alle kan gjere litt. Dette trur eg må bli justert til «Ingen kan gjere alt, utan OLAI, og vi andre kan gjere litt.»

EIN STOR TAKK TIL DEG, OLAI - FRÅ ALLE OSS I SUND SOKNERÅD.

Bente Aase
soknerådsleiar




Namnekonkurranse

Du kan vere med å bestemme kva det nye felles kyrkjebladet for Øygarden skal heite!

- Namnet skal bestå av eitt ord
- Bør vere lett å skrive, lese og uttale

Send forslag på nytt namn saman med ei lita forklaring på mail til ys487@kyrkja.no med "Namneforslag" i emnefeltet. Frist: 10. august. Signer med fullt namn.

Den nye redaksjonen vil avgjere vinnarnamn. Vinnaren får to billetter til ein av julekonsertane i kyrkjene i Øygarden 2023!



Fi det med Blomster

**Sund Senter
Blomster**

Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA** formidlar vi blomstrar i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup, gebursdagar og gravferder - og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader i Fjell og Sund.

Opningstider:
Måndag-onsdag: 9.00-18.00
Torsdag-fredag: 9.00-20.00
Laurdag: 9.00-16.00

Tif.: 56 33 90 13
Faks: 56 33 93 01

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS 22 40 00 40

SOS CHAT

SOS MELDING

KIRKENS SOS

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse
Goltavegen 279
5381 Glesvær
Mob.: 906 69 191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE

Eit konfirmantarbeid



Døypte

12.03 Sund kyrkje
Leana Halsøy Ekerhovd
Josefine Nygård Myklebust

19.03 Kausland kyrkje
Sigurd Tydal Eknes
Baste Bakke Haugland-Bakke
Oliver Hjartøy

21.05 Sund kyrkje
Eithan Amorsolo Trellevik

Gravlagde

28.02 Kausland kyrkje
Kjellaug Nilsine Steinsland, f. 1935
Anders Magne Kalve, f. 1929

14.03 Sund kyrkje
Lars Terje Blikberg, f. 1942

31.03 Kausland kyrkje
Alf Gunnar Midlang, f. 1931

02.05 Kausland kyrkje
Kjell Even Evensen, f. 1962

09.05 Kausland kyrkje
Ivar Steinsland, f. 1932

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 09.30 – 14.30: **400 03 316**

Samtale og sjelesorg

Soknepresten er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund sokn

Telefon sentralbord: 400 03 316

Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkje-kontoret i Sund.

Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag kl. 09.30 - 14.30

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

Soknepresten

Lars Arne Vik 477 56 440
sokneprest

E-post: lv767@kyrkja.no

Soknerådet

Bente Aase
soknerådsleiar
E-post: bente.aase@hotmail.com

Givarteneste
Sund kyrkjelydBarne- og familiarbeidet
Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156
Merk kva formål gáva er til.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund
Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Tytebærbrekko 2,
5353 Straume

Konto: 1503.84.37590

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:


sund.sokneblad@outlook.com

Trykk:

RKGrafisk



Opplag: 2.900



Returadresse:
Sund Sokneblad,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

«Aksjon Godhet» i Sund



Det er andre året i år at Sund sokneråd er med på «Aksjon godhet». To oppdrag var meldt inn med hjelp til «småting i hus og hage», og 2 dugnadsarbeidarar utførte oppdraga. «Kundane» var veldig takksame.

På bolleaksjonen var vi fire som stilte opp med bollar. Bollane blei pakka og fekk lapp med helsing frå Soknerådet. «Små ting gjort i kjærleik kan endre verda». Mottakarane var glade og overraska. Ei takksam oppgåve, men skal vi fortsette med denne aksjonen i komande år, so treng vi fleire «arbeidarar».

Bente Aase



Misjonsalliansen med takk fra Ecuador

Tusen takk for deres støtte til fattige og sårbare mennesker i Ecuador!

I Ecuador er det «sommerferie» i mars og store deler av april. Regntiden har startet, og det er veldig varmt og fuktig.

Før sommerferien hadde vi årsavslutninger i flere av prosjektene. Diplomer ble delt ut, og det ble holdt taler for alle som har deltatt i kursene om familieøkonomi og entreprenørskap, og for helseagentene som har hjulpet til på helsestasjonene. Prosessen med å fylle plassene for de kommende kursene er allerede godt i gang.

Situasjonen i Guayaquil er fortsatt svært krevende med tanke på sikkerhet. Økende gjengkriminalitet, krigen mot narkotika, ran på åpen gate og utpressing av lokale virksomheter gjør hverdagen veldig vanskelig i områdene der vi jobber. Daglig blir det skutt og drept unge menn når bandene kjemper om områder og makt, og det blir mer og mer utpressing av penger i områdene vi jobber. Utviklingen som vi nå ser, viser at vår innsats er ekstremt viktig. Mye av arbeidet dere er med på å støtte, går ut på å styrke familier og å hindre at barn og unge havner i gjengmiljøer med vold, narkotika og kriminalitet.

For første gang har Misjonsalliansen startet opp prosjekter utenfor Guayaquil, i en liten by som heter Milagro. Den ligger en times kjøretur østover. Vi har fått med oss nesten alle organisasjonene vi samarbeider med i Guayaquil, til en koordinert innsats i Milagro. Arbeidet er helt i oppstartsfasen, men dere vil høre mer om dette arbeidet i året som kommer.

Les meir på kyrkja.no/sund

Dette er aller siste utgåve av **Sund Sokneblad**

Frå hausten av kjem eit felles kyrkjeblad for heile Øygarden